

M Ø T E R E F E R A T

--- «» ---

Møte: Siste forhandlingsmøte for ny intensjonsavtale om kommunesamanslåing mellom Sykkylven og Stranda kommunar
Dato: 20. februar 2020
Tid: 13:00 til 14:00
Stad: Formannskapssalen, Stranda rådhus

Møtelyd: Politisk deltakarar:
Odd Josten Drotninghaug, ordførar Sykkylven kommune
Svein Tore Søgård
Anne Karin Watters
Leonhard Vårdal
Odd Arne Eidem
Ove Bjerkan
Jarle Strømmegjerde (vara for Birgitte S. Bonesmo)
Jan Ove Tryggestad, ordførar Stranda kommune
Svein Erik Rimstad
Knut Dag Langeland
Torill Ansnes

Administrative deltakarar:
Åse Elin Hole, rådmann Stranda kommune
May-Helen Molvær Grimstad, rådmann Sykkylven kommune

Tillitsvalde:
Heidi Smørdal-Ask
Monica Skjortnes
Øyvind Lyngstad

Erlend Krumsvik, forhandlingsleiar ny intensjonsavtale

Ikkje møtt: Politiske deltakarar:
Birgitte S. Bonesmo
Frank Sve
Stein Lystad
Gunhild Kvam

Administrative deltakarar:
Njell Hoftun
Ståle Anker Ljøen

Tillitsvalde
Jens Vik

Referent: Erlend Krumsvik, forhandlingsleiar ny intensjonsavtale

1. Opning av møtet

- Ordfører i Stranda kommune, Jan Ove Tryggstad ønska velkomen.

2. Forhandlingar

- Forhandlingsleiar gav ei innleiande orientering om prosessen og status per i dag, og viste til utsendt notat til forhandlingsutvala om moglege endringar i intensjonsavtalen etter felles kommunestyremøte i Geiranger.
- Det vart eit kort ordskifte mellom forhandlingsutvala, og begge forslag til tilleggstekst som var presentert i utsendt notat vart godkjent.
- Ingen andre kommentarar eller synspunkt vart gitt til kjenne, og endeleg dokument for intensjonsavtale for mogleg kommunesamanslåing mellom Sykkylven og Stranda kommunar er godkjent av forhandlingsutvala.

3. Vidare prosess

- Spørsmålet om nye satsar for arbeidsgjevaravgift er eit viktig punkt for begge forhandlingsutvala, og vidare prosess avhenger av ei avklaring på dette punktet.
- Det vart foreslått for forhandlingsutvala om ein bør ta intensjonsavtalen til sakshandsaming i formannskapa og kanskje også kommunestyra, for å avklare vidare prosess i lys av den uavklarte situasjonen knytt til satsar for arbeidsgjevaravgift. Det bør vere likelydande saker og innstilling til begge kommunestyra. Det er opp til forhandlingsutvala å avklare dette seg imellom.

4. Prosesstøtte

- I samråd med forhandlingsutvala står forhandlingsleiar til disposisjon om ein treng vidare støtte i prosessen.

Møtet var avslutta med at forhandlingsleiar takka begge forhandlingsutvala for god forhandlingsskikk, og god prosess. Ein spesielt takk vart også gitt til tillitsvalde og administrasjonen som har følgd prosessen.

Vedlegg: Sykkylven og Stranda kommunar_Intensjonsavtale for Storfjorden kommune

Erlend Krumsvik

Referent